

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

## Tilskot til statleg sikring og grunnleggande tilrettelegging av friluftsområde 2021

### Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om statleg sikring og tildeling av tilskot til grunnleggande tilrettelegging i følgjande friluftsområde, i prioritert rekkefølge:

Prioritet	Søkjær	Områdenamn	Tilrådd sum
1	Øygarden kommune	Geitvika	158 670
2	Kvinnherad kommune	Naustet på Holmen	228 953
3	Bergen og Omland Friluftsråd	Dampbåtbrygga i Hosanger	232 025
4	Bergen og Omland Friluftsråd	Mundheimsvika	437 792
5	Bergen og Omland Friluftsråd	Hjellvikstranda	10 462
6	Bergen og Omland Friluftsråd	Øvre Hellen	15 292
7	Friluftsrådet Vest	Leirvågen	274 000
8	Friluftsrådet Vest	Heia	750 000
Totalt			2 107 194

Det vert vist til vedlegg med oversikt over søknadar for grunngjeving av tilrådinga.

### Samandrag

Det viktigaste føremålet med statlege midlar til sikring av friluftslivområde, er at friluftslivet skal styrkast som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet. Sikring av område for friluftsliv i nærområda er eit viktig verkemiddel for å nå grupper som er lite aktive.

Areal i nærliken av bustadområde som kan nåast utan bruk av bil eller båt, og som kan brukast av store folkegrupper i og ved byar og tettstader vert prioritert, til dømes allment tilgjengeleg grønstruktur i og ved byar og tettstader, landfaste område i kystsona og sentrale område ved innlandsvassdrag.

Det må i kvart tilfelle gjerast ei vurdering om statleg sikring og opparbeiding til friluftslivsføremål er foreinleg med kjende naturverdiar i området.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld  
seksjonssjef

*Saksframleggget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I Vestland ligg rundt 3/4 av alle statlege friluftsområde utanfor tettstader, medan nær 80% av innbyggjarane bur i byar eller tettstader. Areal i nærleiken av bustadområde som kan nåast utan bruk av bil eller båt, og som kan brukast av store folkegrupper i byar og tettstader, skal derfor prioriterast. Friluftsområde som ligg i nærleiken av der folk bur gjer terskelen for å ta i bruk områda lågare og det er lettare å inkludere dei befolningsgruppene som er lite fysisk aktive og deltek lite i friluftslivet.

Vestland fylkeskommune har ansvar for å vurdere og prioritere innkomne søknadar om tilskot til statleg sikring av friluftsområde og sende søknadane vidare med ei tilråding til Miljødirektoratet innan 1. april. Sakene vert endeleg avgjort av Miljødirektoratet, og dei gir melding til søker om utfallet innan 1. juli. Det er inga klagerett. Hovudutval for kultur, idrett og integrering får referatsak om utfallet i løpet av hausten. Klima- og miljødepartementet sine føringar, kartlegging og verdsetting av lokale friluftsområde i kommunane etter rettleiar M98, m.m., ligg til grunn for vurderingane.

For lokale friluftsområde, som primært vert nytta av brukarar frå ein kommune, kan det gis statleg støtte på opptil 50% av sikringskostnadane. Regionale friluftsområde, som også vert mykje brukt av tilreisande frå andre kommunar, kan få statleg støtte med opp til 100% av kostnadane.

Eit friluftsområde kan sikrast ved erverv av eigedomsrett eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale). Vederlagsfrei omgjering inneber at kommunen eller friluftsrådet søker om at eit allereie etablert kommunalt friluftslivsområde skal få status som statleg sikra friluftslivsområde.

Det kan søkast om støtte til grunnleggjande istandsetting i same søknad, men Miljødirektoratet føretok ei grundig vurdering av kor nødvendig slike tiltak er. For område som blir statleg sikra vil det seinare vere mogleg å søkje om midlar til opparbeiding og tilrettelegging, noko som vil vere ein stor fordel for kommunen eller friluftsrådet som forvaltar området.

Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ei erstatning for ivaretaking av friluftsliv gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.

Område som er lett tilgjengeleg og kan nåast til fots eller sykkel er prioritert. Samstundes er Vestland eit kystfylke kor mange friluftsområde langs kysten vert intensivt nytta, med og utan båt. Difor ønskjer friluftsråda i Vestland og å sikre og legge til rette fleire områder under kategorien båtutfartsområde. Det er og fleire søknader om statleg sikring av parkeringsareal, noko som er viktig i større utfartsområde med mange tilreisande.

Søknadane om statleg sikring kom i år frå Bergen og Omland Friluftsråd, Friluftsrådet Vest og kommunane Tysnes, Øygarden og Kvinnherad. Tysnes kommune trekte sine søknadar om statleg sikring etter vedtak i kommunestyret 23.02.21, og desse er difor ikkje teke med i innstillinga.

I ein av årets søknader om statleg sikring er det vurdert at sikring til friluftsføremål og tiltenkt tilrettelegging kan kome i konflikt med registrerte naturverdiar. Dette gjeld området Heia på Stord, der delar av planlagt utfartsparkering vil råke ei oseanisk nedbørsmyr, som er vurdert som ein lokalt viktig naturtype. Her er det tilrådd ein reduksjon av omsøkt tiltak for å ta betre omsyn til registrerte naturverdiar.

For området Øvre Hellen er det eit lite overlapp mellom området som vert søkt statleg sikra og eit område kor det allereie er inngått ein servituttavtale mellom grunneigar og Bergen kommune. Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er i dialog med eigarane av området for å justere arealet på området der det er inngått servituttavtale, slik at det ikkje blir eit overlapp med området kor det allereie føreligg ein servituttavtale. I Miljødirektoratets endelige vedtak om statleg sikring må grensene for området justerast i tråd med dokumentasjon som blir ettersendt frå BOF.

**Generelt:**

**Vedtakskompetanse:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett Miljødirektoratet 2021:	Kr 30.16 mill. - Statlege tileigningar, bandlegging av friluftslivsområde (Kap. 1420 post 30)
Søknadsfrist 2021: Vedtak kriteria:	15. januar Miljødirektoratet gjer vedtak i saka. <a href="#">Rundskriv t-1/20</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilskot-til-statlege-tileigningar-bandlegging-av-friluftsomrade-kap.-1420-post-30">https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/tilskot-til-statlege-tileigningar-bandlegging-av-friluftsomrade-kap.-1420-post-30</a>
<b>Søknadsrunde 2021</b>	
Tal på søknadar:	8
Tal på søknadar som er tilrådd støtta:	8
Samla søknadssum:	kr 2 464 194
Tilrådd samla løyving:	kr 2 107 194

## Vurderingar og verknader

### Økonomi:

Det er Miljødirektoratet som løyver tilskot til statleg sikring og grunnleggande tilrettelegging av friluftsområde. Løyving av tilskot til statleg sikring har såleis ingen økonomiske konsekvensar for Vestland fylkeskommune.

### Klima:

Statleg sikring av friluftsområde har ingen direkte konsekvensar for klimagassutsleppa i Vestland Fylkeskommune. Friluftsområde som er nær byar og tettstadar og som enkelt kan nåast utan bruk av bil eller båt prioritertast.

### Folkehelse:

Statleg sikring av friluftsområde bidreg til at ei langsiktig og føreseieleg forvaltning av område for friluftsliv. Å sikre at befolkninga har tilgang til gode område for rekreasjon og friluftsliv, bidreg til ei meir aktiv befolkning og til betre folkehelse. For dei fleste vil det å ha tilgang til tilrettelagte friluftsområde i nærområda truleg føre til ein betre livskvalitet.

### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024:

Friluftsliv er kanskje den mest utbreidde fritidsaktiviteten i Noreg, og er noko som eit breitt lag av befolkninga driv med på regelmessig basis. Å syte for at flest mogleg kan gå på tur og drive med andre formar for friluftsliv i nærlieken av der dei bur, bidreg til sosial utjamning og betre folkehelse.

Å ha tilgang til friluftslivsområde og gode turopplevelingar i nærområdet er for mange ein viktig kvalitet. Ein kommune som har eit godt friluftslivstilbod og ei aktiv forvaltning og vedlikehald av friluftslivets ferdsselsårer vil for mange vere ein attraktiv bustadkommune.

Det er vurdert om statleg sikring til friluftsføremål og om dei omsøkte tilretteleggingstiltaka er berekraftige sett i eit klima og miljøperspektiv. Tilrådinga er gjort på bakgrunn av ei slik vurdering.

### Konklusjon:

Fylkesdirektøren oppmodar hovudutval for kultur, idrett og integrering å tilrå Miljødirektoratet å gje tilskot til statleg sikring og grunnleggande istandsetting av dei omsøkte områda jf. tabellen i saksframlegget (prioritert rekkefølge).

### Vedlegg:

Samanstilling av søknadar med grunngjeving.  
MD-rettleiar M-462 Friluftsliv for alltid